

Referat frå elevrådsmøte tysdag 1 feb. 2022

Stad: 9.kl. sitt klasserom

Sakliste:

1. Rektor informerte om:

✚ Resultat frå elev-undersøkinga:

- Dårlegare motivasjon på Skei skule i år enn i fjor. Kan leksene ha noko med dette å gjere?
- Trivsel er på gult nivå det vil seie at elevane trivst ganske greitt
- Det er eit trygt miljø på skulen
- Elevar føler medverknad / moglegheit til å seie meininga si
- Noko å jobbe med i forhold til mobbing, fordi ein vil ha null-toleranse
- Vi skal oppdatere ordensreglementet ved Skei skule.
- Skulen skal lage eignene reglar i forhold til miljø her

✚ **Diskuter:**

- ❖ Vi kan ikkje lage reglar om dei går i mot dei andre reglane i Sunnfjord-skulen, vi skal ha lokale reglar for vår skule!
- ❖ Korleis skal vi involvere 1.4 klasse? **Dei må kanskje ha litt heimearbeid, fordi dei skal øve på lesing kvar einaste dag- veldig viktig å øve mykje, jamt og trutt, slik at dei blir flinke lesarar.** Dei 4 i elevrådsstyret skal snakke med dei yngste klassene.
- ❖ Vi skal ha med vår visjon i reglane
- ❖ Klasse-reglar i kvar klasse, kan vere forskjellige mellom klassene. Viktig at ein jobbar med det som opptek kvar enkelt klasse.
- ❖ Alle har rett til å bli presentert for reglane
- ❖ Viktig at der står at alle elevane har rett til å avtale møter med lærarar, rektor eller helsesøster om man vil ha noko å snakke med
- ❖ Viktig å nytte tryggaste vegen til skulen
- ❖ Hjelm er anbefalt
- ❖ Snop og brus skal ikkje vere i den vanlege skuleverdagen
- ❖ Mobilen skal ikkje brukast utan tillalese
- ❖ Konsekvensar om man ikkje følger reglar som for eksempel merknadar

Kom gjerne med fleire forslag!

2. Prøveperiode ved Skei skule som «Leksefri skule»

Ikkje bruke ordet lekse! Kanskje førebuingararbeid? Har klassene forslag til godt namn?

Drøft kvifor det er eit poeng å førebu seg- eller repetere fagstoff til prøver og innleveringar (tips tenk *vurdering...*) Dvs at ein ikkje kan i denne «lekse-frie-perioden» seie at ein ikkje får gode resultat på innleveringar og prøver, fordi ein ikkje har fått øvd nok? Ein må sjølv setje av tid til dette!

Kanskje blir timane lagt opp på ein annan måte, kanskje større **innleveringsarbeid/fordjupningsarbeid?**

Prøveperiode: frå påske til sommarferien? *Kva tenkjer elevane?*

3. Tilbakemelding frå ungdomsrådsrepresentantane Erik og Valentino.

Saker dei har behandla i ungd.rådet:

- Pengefordeling
- skal ein legge inn fleire bussruter
- Sjølvkjørande buss i førde
- Kanskje bygge tunell mot Bergen. Slik at man ikkje trenger å kjøre opp byggefeltet / Halbrendslia
- Betre fotgjengar- og sykkelstiar
- Ny bru over til fotballbana frå Førdehuset
- Ordførar var der 😊
- Sakene skulle opp i kommunestyremøte snarast
- Viktigast for Skei og få fleire bussruter frå / til Førde

Jakob Førde

-sekretær elevrådet-